

LINDÅS KULTURRÅD

Til
Lindås kommune
Kulturkontoret
v/ Eileen Feste

26. jan 2019

Uttale frå Lindås kulturråd på «Ramme for tildeling av kulturmidlar 2019, framlegg frå rådmannen»

Lindås Kulturråd meiner det er leit at ramma for kulturmidlane reelt sett er kutta. Når midlane nok eit år ikkje er auka, så er det eit kutt om ein legg til grunn prisauke i samfunnet.

Minner om kulturplanen sitt mål:

Lindås kulturråd viser til «Kulturplan 2010-2020» kor det på side 5 står at **«Det er eit mål at 5% av Lindås kommune sine årsbudsjett nyttast på kulturfeltet»**.

Vi går inn i siste året med kommunesamanslåing og arbeidet med kulturmidlar legg føring på korleis denne prosessen vil bli i Alver kommune. Kulturmidlar vil bli ein eksamen med mykje ukjent pensum og Lindås kulturråd vil stille seg til disposisjon for å samarbeide kring kvalitetssikring av dette studiet og arbeidet.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



.....
Einar Vatne
Styreleiar



.....
Per Ole Ekker
Sekretær